

**Aleksander vil satsa på film**

Aleksander Rebaudo vil satsa på film. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingen Aleksander Rebaudo, 17-år og elev ved KVV, har søkt kulturkontoret om stønad til innkjøp av filmutstyr gjennom Solsikkeprisen.**

**Han skriv at lidenskapen hans er film og han ynskjer å kjøpa inn mellom anna videokamera, mikrofon og nødvendige tilbehør for 29.000 kroner.**

I den fylldige søknaden sin opplyser Aleksander at han var 11 år første gong han 'innsåg at film var noko eg verkeleg forstod og elska'.

Saman med søskenbarnet sitt begynte han å spela inn små parodiar på tv-seriar heime og hadde mykje moro med dette. Etterkvart vart han rikare på erfaring og kunnskap og begynte å ta det heile meir seriøst. Han planla

heile produksjonen, skreiv manus, skaffa kostymer og rekvisittar for så å bruka ferier og fritid på å spele inn saman med vener.

I fjor regisserte han dei to mest erfaringsrike produksjonane han har laga til no, i tilknytning til skuleprosjekt. Filmen vår blei stemt fram som beste bidrag i klassen, opplyser Aleksander. Det gav meirsmak for å lage noko enda betre og for påmelding til ein festival eller konkurranse.

Aleksander kjem inn på at musikk og fotball er langt meir representert enn film og foto i bygde-Noreg og skriv: Kanskje er dette grunnen till at Noreg fortsatt på ein internasjonal skala er ei sinke når det gjeld utvikling av slike talent. Men internett og billigare utstyr har gjort at det å bu i ei lita bygd ikkje lengerer noko hindring for å nå ut til verden med filmar og budskap. Ei bevilgning vil koma langt fleire enn berre Aleksander til nytte, understrekar han.

Målet hans er å bli nominert til Amandus 2011, Norges største filmfestival for unge.

Av Ola Matti Mathisen